


Kyrkjelege høgtider:

Påske



Av Steinar Skartland
Kjelde: kirkeaktuelt.no

Påskan er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene, og vert feira til minne om Jesu Kristi lidning, død og oppstode. Forut for påskan vert fastetida og den stille veka markert. Etter påskesøndag (1. påskedag) kjem påsketida, som varer fram til pinse. Ordet påske er ei forvansking av namnet på den jødiske høgtida pesach. Jødane har feira påske lengre enn dei kristne; dei feira utvandringa frå fangenskapet i Egypt.

Kyrkjemøtet i Nikea år 325 bestemte at påskedag skulle vera første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøger, noko Den norske kyrkja også held seg til framleis. Datoen varierer dermed innanfor perioden 22. mars til 25. april.

Dagane i påskeveka

Palmesøndag er i kristen tradisjon feiringa av Jesu inntog i Jerusalem. Dette skjer søndagen før krossfestinga langfredag. Namnet kjem av forteljinga i bibelen om at folk strødde palmegreiner føre Jesus då han reid

inn i byen. I den lutherske kyrkja i Noreg, er den liturgiske fargen lilla, slik også for skjærtorsdag og langfredag.

Skjærtorsdag er ein heilagdag som vert feira siste torsdag før påske. Ordet betyr «reinsingstorsdag», og kjem av norrønt skíra, «reinse» (skjær = rein). Denne dagen markerer dei kristne Jesu siste måltid med disiplane før krossfestinga. Dermed vart dette innføringa av nattverden. I liturgien er det vanleg å ha med fotvask, til minne om at Jesus vasket disiplane sine føter før måltidet.

Langfredag markerer i kristen tradisjon dagen då Jesus Kristus døyde på krossen, fredag før påskedag. Namnet kjem av at det var Jesu lengste dag. Mange kyrkjer markerer denne dagen ved ikkje å ha pynt på alteret og ikkje bruka musikkinstrument under gudstenesta.

Påskedag er feiringa av Kristi oppstode. Påskedagen er den dagen som forklarar heile kristentrua. Sjølv disiplane forstod ikkje heile Jesus sin bodskap før på påskedag og dagane etter. Dei første som fekk sjå Jesus levande, var kvinnene, og Maria Magdalena møtte Jesus i hagen.

Dikt: Haldis Totland Reigstad
Kunst: Odd Dubland

Heilag er eg
Heilag er eg, rein for Gud,
utan flekk og lyte.
Livet mitt har Jesus fått,
eg fekk hans i byte.
Gud er god,
Jesu blod
renn i mine årer no.

Jesus kjøpte meg til Gud,
løyste syndebanda.
Alle mine tomme kar
fyller han til randa.
Gud er god,
Jesu blod
renn i mine årer no.

Helga til eit heilagt liv,
kledd i himmeldrakta.
Ingenting kan riva meg
ut av nådepakta.
Gud er god,
Jesu blod
renn i mine årer no.